

Tøffe tak for Rosendal/Uskedal jenter 14.

05.09.2016



J14 vil utvikla seg godt gjennom god motstand i 1.div.

Etter ein oppløftande start i 1. divisjon med siger over Søreide for to veker sidan, har J14 laget no fått kjenna kor tøft nivået er i toppen, dei siste to kampane.

Forrige helg var vi i Bergen og møtte regjerande kretsmeister Bønes, medbåde landslag og kretslag spelarar i troppen.

Det såg ut som om jentene kanskje var litt utlada etter shoppingrunde iLagunen, for vi var avventande frå start i denne kampen. Det går ikkje når dumøter lag med høgt tempo og uten svake ledd, og før det var gått 20 minutt avkampen låg vi under 3-0.

Jentene våknatil utover i omgangen, og siste kvarteret klarte vi å pressa Bønes bakover. Først knalla Hanna ballen i stolpen, før Thea skaut over åleine med keeper. Tilsłutt kom reduseringa då Guro skaut hardt i hjørnet frå 16 meter. Resten avomgangen og starten på andre omgang var og svært oppløftande. Vi pressa på forny redusering, men då gjekk det som det ofte går. Bønes kom i overtal på eirask kontring, og istadenfor 3-2 var det brått 4-1. Noko av lufta gjekk ut avjentene etter dette, og Bønes fekk to til mål i denne omgangen slik atresultatet noko flatterande vart 6-1 til heimelaget.

Denne helga var vi klare for ei ny knalltøff utfordring.

Motstandar i denne kampen var Voss, som vann 1 divisjon i vårsesongen, og var tapande finalist mot Bønes i kampen om kretsmeisterskapet i fjor.

I motsetning til kampen mot Bønes var vi meir på frå start mot Voss, og etter 3 minutt burde det stått 1-0 til oss. Guro vann duell med keeper og skulle berre setja ballen i mål, men brukte litt for lang tid, slik at einforsvarar fekk kasta fram ein fot og blokka skuddet ut til corner.. Ette runder 8 minutt kom dei rundt på høgrekanten og fekk slått inn.

Jentene vart for avventande inne i feltet, ogein Voss spelar fekk snudd seg rundt og sette inn 1-0 til bortelaget.

Voss viste seg å vera eit særslig spelande lag, og hadde mykje ball i første omgang. Vi låg lavt og satsa på raske overgangar, men upresise pasningari overgangane gjorde at det vart mykje krig og speling på midten, og litesjansar.

Omgangen ebba ut med 1-0 leiing til Voss, men vi følte at vi var med oghadde mulighet til å snu dette etter pause.

Andre omgang starta på verst tenkelige måte. Etter 5 minutt kom Voss fripå venstre kant, og frå spiss vinkel fekk dei sett inn 2-0. Sjølvtilleten vårfekk seg nok ein liten knekk etter dette, for intensiteten gjekk ned, og Voss vann dei fleste duellane.

Dei fekktrilla ball, og vi vart springande mykje imellom slik at vi sleit med å skapasjansar. Midt i omgangen kom målet som avgjorde kampen. I ein duell 30m fråmålet vårt kom Voss spelaren først på ballen, og flakseskuddet gjekk i bøgeover May Beate og i mål.

Kampen var då i realitetet avgjort, og vi brukte siste del av kampen til å speletid til dei som enno ikkje hadde fått spelt, samt at ein delspelarar spelte i nye posisjonar. Dette gjorde at det vart lite struktur overspelet vårt på slutten, og Voss fekk setta inn eit siste mål 5 minutt førslutt, slik at det enda 0-4.

Etter å ha møtt det som kanskje er dei to beste laga i Hordaland, ser viat vi har eit lite stykke å gå før vi klarar å hamla opp med desse enno. Det vites med oss, er at når vi spelar på vårt beste er vi heilt på høgde medtopplaga, og då blir utfordringa vår å forlenga desse gode periodane. Vi lærerog utviklar oss for kvar kamp, så når vi tek imot Sotra til neste heimekamp om 2 veker skal dei få slita med å få med seg poeng heim.

Tekst: Erlend Bøyum

Foto: Tor Gundesen

Nett: Thor Inge Døssland